



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Gunn-Karin Strømme Pettersen, 5557 2074

Vår dato  
19.09.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/13858 612  
Dykkar referanse  
«REF»

*Kommunane i Hordaland v/etatsleiar*

*HVL*

*NLA*

*PBL*

*Utdanningsforbundet*

*Fagforbundet*

*KS*

*Hordaland fylkeskommune*

### **Oppsummering frå møte på Hotell Terminus 13. september 2018 Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage - Hordaland**

I møtet på Terminus vart tema kartlegging belyst av representantar frå Høgskulen på Vestlandet. Edit Bugge frå HVL snakka om kartlegging som ein del av ein kompetanseutviklingsprosess. Dagmar Cejka delte si erfaring om kartlegging og observasjon i eit konkret utviklingsprosjekt der UH hadde samarbeida med to barnehagar. Margareth Eilifsen hadde ein presentasjon av kompetanseutvikling med hovudvekt på dei ulike fasane i utviklingsarbeid. Presentasjonane dei nyttaligg som vedlegg til denne oppsummeringa.

#### **Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage**

Fylkesmannen si rolle i ordninga er å leggje til rette for å etablere fylkesvise samarbeidsforum med barnehagemynda, barnehageeigar; privat og kommunal og lokal UH-institusjon. Denne fylkesgruppa skal saman utarbeide ein felles langsiktig kompetanseutviklingsplan for fylket. Midlane i ordninga blir tildelt etter denne planen. Blir ikkje fylkesgruppa einige om ein plan/prioritering, er det Fylkesmannen som tar endeleg avgjerd.

UH-miljøa og barnehagane er sidestilte partar i dette arbeidet. UH-sektoren skal bidra med forskingsbasert kunnskap i sektoren, utvikle meir praksisnær kompetanse i lærarutdanninga og ta del i drøftingane og grunnlaget for prioriteringane i kompetanseutviklingsplanen, saman med barnehagemyndigheita og barnehageeigarane.

Barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak er hovudtiltaket i ordninga. Minst 70 % av midlane skal nyttast til dette. Andre tiltak som resterande midlar kan nyttast til er barnehagefagleg grunnkompetanse, kompetanseheving for fagarbeidarar og assistentar, fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar, tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering, fagseminar og

nettverksarbeid knytt til den regionale ordninga. Frå 2019 skal midlane nyttast til å realisere planen for kompetanseutvikling som fylkesgruppa har utarbeida.

Barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak skal rettast mot barnehageeigarar som ikkje klarar å tilby den kvaliteten som rammeplanen krev. Det betyr at midlane i ordninga ikkje skal dekke alle barnehagar sine utviklingsbehov, men heve kompetansen til dei barnehagane som treng det mest innanfor valde tema. Gamal ordning der ein kunne søke seg til midlar fell bort med denne nye ordninga. Barnehageeigarane er juridisk ansvarleg for kvalitet i barnehagen og difor ansvarleg for den kontinuerlege kompetanseutviklinga.

### **Forebuing til møte i fylkesgruppa 29. november 2018**

Kvar kompetanseregion må velje ein representant frå regionen som skal representere barnehagemynda. Éin region må i tillegg velje ein representant som skal representere dei kommunale eigarane i fylket. Fylkesmannen foreslår at ein startar med FOS kompetanseregion, og så går det på omgang kva for ein region som stillar med representant for dei kommunale eigarane. Representantane frå dei ulike aktørane må, snarast **innan 1. november 2018**, meldast inn til Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesgruppa vil bestå av følgjande aktørar:

- (2) Høgskulen på Vestlandet (HVL)
- (1) Norsk Lærarakademi (NLA)
- (6) Barnehagemyndigkeit
- (1) Kommunale eigarar (FOS)
- (2) Private eigarar (PBL sentral/lokalt?)
- (2) Fylkesmannen

Fylkesmannen vil også invitere følgjande aktørar for å medverke til god forankring og dialog:

- (1) Fylkeskommunen
- (1) KS
- (1) Fag forbundet
- (1) Utdannings forbundet

I møtet 29. november skal fylkesgruppa utarbeide ein langsiktig plan for kompetanseutvikling i fylket for perioden 2019-2022. Planen skal baserast på ein analyse og kartlegging av kompetansebehova i regionane med utgangspunkt i Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, og mål og tematiske satsingsområde i kompetansestrategien *Kompetanse for fremtidens barnehage*. Bemanningsnorm og pedagognorm er også kompetansekrav som ein slik analyse må reflektere.

Barnehagemynde i kvar kompetanseregion må difor gå i dialog med sine kommunale og private barnehageeigarar for å sjå kva for utviklingsbehov ein har og gjere ei prioritering på kva for barnehagar ein reknar har størst behov innanfor utvalde tema. Desse lokale prioriteringane må representantane i fylkesgruppa ha med seg til møtet 29. november 2018. Fylkesmannen

oppmodar regionane til å kontakte UH slik at dei kan delta med sine representantar i desse dialogane. Andre relevante aktørar som, arbeidstakarorganisasjonar, kan også inviterast med.

Det finns ulike verktøy for å analysere og kartlegge behov som kan både overlappe og supplere kvarandre. Dette kan til dømes vere tal frå BASIL, ei spørjing til barnehageeigarar og leiarar, ståstadsanalysen eller ekstern barnehagevurdering. Samstundes bør barnehageeigarar ha ein kompetanseplan for sine barnehagar basert på ein kompetanseanalyse, som kan vere eit viktig innspel i regionen si kartlegging og analyse av behova. Barnehageeigar sin kompetanseplan må sjølvsgart omfatte fleire og andre tiltak enn de tiltak som inngår i regional ordning (for eksempel vidareutdanning av barnehagelærarar). På alle nivå bør ein freista å sjå ulike tiltak i samanheng slik at individuelle og kollektive kompetansetiltak stötter opp om kvarandre.

Det blir sendt ut eigen invitasjon til møtet 29. november 2018.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Gunn-Karin S. Pettersen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*